

Møteprotokoll

Utval:	Fylkeseldrerådet
Møtestad:	Scandic Sunnfjord Hotel, Storehagen 2, Førde
Dato:	17.11.2021
Tid:	12:10-17:20

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunvor Riim Opedal	Medlem	PF
Kjellbjørg Dagny Lunde	Medlem	LOP
Martin Monrad Reigstad	Medlem	PF
Harald Kåre Ekroll	Leiar	POSTPEN
Berit Anita Knudtsen Larsen	Medlem	ØER

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Vigdis Helene Ravnøy	Nestleiar	PF
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	KRF
Kristoffer Skjolden	Medlem	PF
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Aud Karin Hestenes Netland	Kristoffer Skjolden	UTD.FORB.
Sigrun Marit Hansen	Vigdis Helene Ravnøy	PF

Merknader**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Lotte Karoline Lynngård	Møtesekretær / rådgjevar politisk sekretariat

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 13/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 14/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 14.10.21	2020/77170	
	Referatsaker		
RS 58/21	Regionmøte for eldreråda i Sogn 26.10.21	2020/77154	
RS 59/21	Landskonferanse 2022 i Agder - datoar	2020/77154	
RS 60/21	Bergen seniorkonferanse 2021	2020/77154	
RS 61/21	Innspel til møte med kommunale eldreråd i 2022	2020/77154	
RS 62/21	Bankkort som betalingsmiddel på buss	2020/77154	
RS 63/21	Brev frå eldrerådet i Gloppen kommune om utfordringar knytt til bestilling og betaling av offentleg persontransport	2020/77154	
RS 64/21	Brev frå Bergen eldreråd - TT-ordninga og moglegheita til å komme i kontakt med administrasjonen	2020/77154	
RS 65/21	Leve heile livet - webinar om transport	2020/77154	
RS 66/21	Møte E-helse Vestland 26.-27. oktober 2021	2020/77154	
RS 67/21	Helseutvalet til pensjonistforbundet i Bergen møte		
RS 68/21	Møte i aldersvenleg Noreg		
	Politiske saker		
PS 33/21	Høyringsvar - forslag til regelverk for kontrollutrustning i drosje	2020/77154	
PS 34/21	Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2022-2025 - høyring	2021/5938	
PS 35/21	Verdig eldreomsorg - fråsegn		
PS 36/21	Brev frå Bergen eldreråd - TT-ordninga og moglegheita til å komme i kontakt med administrasjonen		

Godkjenningssaker

GK 13/21 Godkjenning av innkalling og sakliste Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 17.11.2021

Fylkeseldrerådet vedtok samrøystes å sette PS 35/21 Verdig eldreomsorg på sakskartet på sakskartet.

Fylkeseldrerådet vedtok samrøystes å løfte RS 64/21 til PS 36/21 Brev frå Bergen eldreråd - TT-ordninga og moglegheita til å komme i kontakt med administrasjonen på sakskartet.

Fylkeseldrerådet vedtok samrøystes å sette RS 67/21 Helseutvalet til pensjonistforbundet i Bergen møte på sakskartet.

Fylkeseldrerådet vedtok samrøystes å sette RS 68/21 Møte i aldersvenleg Noreg på sakskartet.

Saklista vart godkjend med merknadane over.

Innkallinga vart godkjend utan merknadar.

GK 14/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 14.10.21 Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 17.11.2021

Møteprotokollen vart godkjend utan merknadar.

Referatsaker

RS 58/21 Regionmøte for eldreråda i Sogn 26.10.21 Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 17.11.2021

RS 58/21 vart referert.

RS 59/21 Landskonferanse 2022 i Agder - datoar Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 17.11.2021

RS 59/21 vart referert.

RS 60/21 Bergen seniorkonferanse 2021 Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 17.11.2021

RS 60/21 vart referert.

RS 61/21 Innspel til møte med kommunale eldreråd i 2022 Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 17.11.2021

RS 61/21 vart referert.

RS 62/21 Bankkort som betalingsmiddel på buss Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 17.11.2021

RS 62/21 vart referert.

RS 63/21 Brev frå eldrerådet i Gloppen kommune om utfordringar knytt til bestilling og betaling av offentlig persontransport Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 17.11.2021

RS 63/21 vart referert.

RS 64/21 Brev frå Bergen eldreråd - TT-ordninga og moglegheita til å komme i kontakt med administrasjonen
Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 17.11.2021

RS 64/21 vart referert.

RS 65/21 Leve heile livet - webinar om transport
Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 17.11.2021

RS 65/21 vart referert.

RS 66/21 Møte E-helse Vestland 26.-27. oktober 2021
Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 17.11.2021

RS 66/21 vart referert.

RS 67/21 Helseutvalet til pensjonistforbundet i Bergen møte
Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 17.11.2021

RS 67/21 vart referert.

RS 68/21 Møte i aldersvenleg Noreg
Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 17.11.2021

RS 68/21 vart referert.

Politiske saker

PS 33/21 Høyringsvar - forslag til regelverk for kontrollutrustning i drosje
Forslag til vedtak

Rådet gir slik uttale:

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 17.11.2021

Martin Monrad Reigstad sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet støttar fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling, og meiner at ei ordning for drosjane må vere universelt utforma.»

Avrøysting

Reigstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Uttale

Fylkeseldrerådet støttar fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling, og meiner at ei ordning for drosjane må vere universelt utforma.

PS 34/21 Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2022-2025 - høyring Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 17.11.2021

Martin Monrad Reigstad sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet viser til sin handlingsplan og gjev slikt innspel:

Transport/kommunikasjon

- at alle vegplanar må innehalde punkt om at det blir laga sykkel-/gangsti langs alle nye vegar samstundes som vegen blir bygd
- å sørge for tilgjengeleg og sikker transport, slik som serviceskyssen og tilrettelagt transport - og det må vere eit tenleg tilbod i alle delar av fylket
- at alle haldeplassar har leskur, godt ljøs og markering for fotgjengarar slik at det blir trygge tilhøve ved av- og påstiging
- at vegar og fortau vert rydda og strødd om vinteren slik at det vert trygt å ferdast
- at brukarar av transportordninga for funksjonshemma (TT-kortet) som er innvilga TT-kort beheld dette sjølv om dei har opphald i institusjon»

Avrøysting

Reigstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet viser til sin handlingsplan og gjev slikt innspel:

Transport/kommunikasjon

- at alle vegplanar må innehalde punkt om at det blir laga sykkel-/gangsti langs alle nye vegar samstundes som vegen blir bygd
- å sørge for tilgjengeleg og sikker transport, slik som serviceskyssen og tilrettelagt transport - og det må vere eit tenleg tilbod i alle delar av fylket
- at alle haldeplassar har leskur, godt ljøs og markering for fotgjengarar slik at det blir trygge tilhøve ved av- og påstiging
- at vegar og fortau vert rydda og strødd om vinteren slik at det vert trygt å ferdast
- at brukarar av transportordninga for funksjonshemma (TT-kortet) som er innvilga TT-kort beheld dette sjølv om dei har opphald i institusjon

PS 35/21 Verdig eldreomsorg - fråsegn Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 17.11.2021

Harald Ekroll sette fram slikt forslag til uttale:

«Uttale 1:

Fylkeselderådet viser til vedlagt brev frå Pensjonistforbundet Sogn og fjordane. Fylkeseldrerådet meiner at fylkeskommunen må legge til rette for fleire utdanningsplassar på vgs når det gjeld helsefagutdanning. Fylkeskommunen bør jobbe ift kommunane å skaffe fleire lærlingeplassar.

Uttale 2:

Fylkeseldrerådet viser til vedlagt brev frå Pensjonistforbundet sogn og fjordane. Fylkeseldrerådet meiner at utdanning av sjukepleiarar må styrkast. Fylkeseldrerådet meiner og at desentralisering av sjukepleiarutdanning må aukast. Rådet er opptatt av at ein må sjå nærare på utdanning av spesialsjukepleiarar, og ei enklare ordning for utlendingar som har helsefagleg utdanning.»

Avrøysting

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Uttale 1:

Fylkeselderådet viser til vedlagt brev frå Pensjonistforbundet Sogn og fjordane. Fylkeseldrerådet meiner at fylkeskommunen må legge til rette for fleire utdanningsplassar på vidaregåande skuler når det gjeld helsefagutdanning. Fylkeskommunen bør jobbe ift kommunane å skaffe fleire lærlingeplassar.

Uttale 2:

Fylkeseldrerådet viser til vedlagt brev frå Pensjonistforbundet Sogn og fjordane. Fylkeseldrerådet meiner at utdanning av sjukepleiarar må styrkast. Fylkeseldrerådet meiner og at desentralisering av sjukepleiarutdanning må aukast. Rådet er opptatt av at ein må sjå nærare på utdanning av spesialsjukepleiarar, og ei enklare ordning for utlendingar som har helsefagleg utdanning.

PS 36/21 Brev frå Bergen eldreråd - TT-ordninga og moglegheita til å komme i kontakt med administrasjonen

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 17.11.2021

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«FYEL viser til brev frå Bergen eldreråd og vil gi uttrykk for at telefonen mellom 9 og 11 ikkje er ei god nok ordning.

FYEL ønsker ei orientering om korleis dette er frå dei som er ansvarleg for ordninga i fylkeskommune.»

Avrøysting

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Uttale

Fylkeseldrerådet viser til brev frå Bergen eldreråd og vil gi uttrykk for at telefonen mellom 9 og 11 ikkje er ei god nok ordning.

Fylkeseldrerådet ønsker ei orientering om korleis dette er frå dei som er ansvarleg for ordninga i fylkeskommune.